

**Usemje om Uskedalen eller Undarheim**

02.04.2009

**Fleirtalet i skulestrukturutvalet, som kom med si endelege tilråding tysdag, vil framleis flytta elevane frå Bringedalsbygda skule. Men det er litt usemje om dei skal til Uskedalen eller Undarheim, skriv Grenda. Omvikdalen skal drøftast pånytt i 2012, meiner fleirtalet.**

Innstillinga er no overlevert formannskapet som avgjer kva som skal skje vidare med saka etter at rådmannen har kome med innstillinga si. Planen er at formannskapet si innstilling skal ut på høyring før kommunestyret tek den endelege avgjerd.